

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 23.01.2015

Vedtak

Ungdommens fylkesutval gjorde følgjande vedtak i saka:

1. Det vart bestemt å invitera Maria Vatnøy og Lars Henrik Nesse som gjestar på UFT. UFU treng dei i komitear og synest derfor at UFU skal betale for dei. Begge har fått invitasjon.
2. Det er blitt einigheit om at valkomiteen skal bestå av Lars Henrik Nesse, Maria Vatnøy, Åsmund Synnevåg og Martin Blytt. Visst nokon av desse av ein eller anna grunn må trekkje seg frå valkomiteen, skal Olve frå UFU gå inn i staden.
3. Det er blitt einigheit om at redaksjonskomiteen skal bestå av Cecilie Fredheim (UFU), Hedda Hidle (UFU) og Sindre Vik.
4. Det har blitt skriven eit utkast til program av Gard i helga, men programmet er ikkje endelig og det kan fortsatt gjerast endingar.
5. Av praktiske til UFT så er det skriven ei liste over alle ting ein treng til tinget. Det er og laga ei liste over ansvarsoppgåver, det er laga ei liste over leikar til kveldane og kven som er ansvarleg.
6. Vegard har laga ein film over året i UFU som skal visast for å oppfordre delegatar til å stille til UFU. Filmen skal visast fredagen.
7. Gard sendte ein invitasjon til Morten Myksvoll om å halde tale og debattkurs.
8. Når det gjeld ting-dokument, så har Cecilie sett på UFT frå A til Å og gjort nokon endringar, ho har og skriven kjøyrereglar for UFT.
9. Det er sendt ei liste til fylkesvaraordføraren med tema ho kan snakke om på UFT.
10. Det bør orienterast om nye vedtekter og mandat på tinget.